



## Notat

Dato: 16.05.2019  
Arkivsak: 2018/11652-5  
Saksbehandlar: evavinj

---

Til: Fylkestinget

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Flytting av bomstasjon til Skageveien - Avbøtande tiltak på Grimseidvegen

#### Bakgrunn

I protokollen frå Fylkestinget 02.10.2018 i PS 100/18 «Flytting av bomstasjon i Miljøloftet» ber fylkestinget partane i Miljøloftet arbeide vidare med avbøtande tiltak for å redusere trafikkauken som følge av flytting av bomstasjonen til Skagevegen.

I arbeidet med plassering av den ytre bomringen i Miljøloftet er det identifisert plasseringar av bomstasjonar som gir moglegheit for trafikantar til å unngå avgift ved å gjere nokon omkjøringar. Plasseringa av bomstasjonen i Skagevegen gjer at Grimseidvegen blir ein gratis omkjøringsveg for å kome til/frå Flyplassvegen. Grimseidvegen er smal og svingete og har difor ikkje kapasitet til ein stor trafikkauke.

Vedlagt ligg brevet frå Bymiljøetaten til Administrativ koordineringsgruppe i Miljøloftet der moglege avbøtande tiltak på Grimseidvegen blir drøfta.

#### Tiltak

Statens vegvesen gjennomfører trafikkteljingar på Skageveien no for å talfeste kor mykje bomstasjonen påverkar trafikkmengda på vegen. Vegvesenet skal telje i tre månader før dei kan konkludere.

Miljøloftet har i tillegg jobba vidare med problemstillinga med avbøtande tiltak for å redusere trafikkauken som følge av flytting av bomstasjonen til Skagevegen. I eit møte mellom Bymiljøetaten, Plan- og byggingsetaten og Statens Vegvesen vart avbøtande tiltak diskutert, og når teljingane er ferdige vil ein igjen vurdere om nokon av desse tiltaka skal setjast i verk.

Blant tiltaka som er vurdert er:

- Flytte bomstasjonen til Grimseidvegen
- Stenging av Grimseidvegen
- Einvegsregulering i retning Hjellestad
- Opprette ny bomstasjon i Grimseidvegen

Bymiljøetaten sin anbefaling er å setje opp ein ny bomstasjon som bør plasserast ved grensa av Hjellestad skulekrets, i tråd med bystyret sitt vedtak. Innbyggjarane vil då kunne køyre gratis i sitt lokalområde, men må betale for å kome inn på Flyplassvegen.

Vedlegg:

- 1 Flytting av bomstasjon til Skageveien - Avbøtande tiltak på Grimseidvegen